



17. mai programmet vert seld på SPAR, Gros Blomster og ved dørsal.

**17.mai programmet vert seld på SPAR og på Gro`s Blomster. Elevane i 5. klasse går rundt på bygda og sel programmet på døra. Prisen er kr. 50,- og med denne faldaren i handa er du godt orientert om tidspunkt og kva som skal skje.**

Styringsgruppa legg opp til auka sal av programmet. Komiteen vil stø opp om gratisprinsippet i skulen og vil at mange av aktivitetane for born ikkje skal kosta noko. Difor prøver ein å auka inntektene på andre måtar.

Programfaldarane er vakkert utforma med fine bilete og god trykk. Programmet har med nasjonalsongane og Uskedalssongen. 11 sponsorar er nemnde og vert takka for god støtte. Programmet vert ikkje kunngjort på Uskedalen.no slik vi ofte har gjort før, men dagen tek til med gudsteneste i kyrkja kl. 11.15.

Uskedalen.no oppmodar alle om å kjøpa porgrammet og på den måten vera med og støtta arbeidet 17. mai komiteen gjer for å skapa ein fin og verdig nasjonaldag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå 17. mai programmet.